Naturvett på nett

www.naturoppsyn.no
SNO sine eigne nettsider med presentasjon av alle lokalkontora og oppsyn i norsk natur. Her finn du òg lenkjer til SNO sine viktigaste samarbeidspartnarar.

www.dirnat.no
Nettsidene til Direktoratet for naturforvaltning, som SNO er ein del av. Her finn du eigne sider for nasjonalparkane og nasjonalparksentra. I tillegg gjev Naturbasen kart- og tekstinformasjon om alle verneområda i Noreg.

www.miljo.no
Miljøverndepartementet sine nettsider med informasjon om miljølovverket

www.miljostatus.no
Oppdatert informasjon frå miljødirektorata og Miljødepartementet om miljøet sin tilstand og utvikling

www.inatur.no
Friluftstilbod frå Statskog SF, Norges Fjellstyresamband, Norges Jeger- og Fiskeforbund og Norges Skogeierforbund

www.friluftslivet.no
Friluftslivets fellesorganisasjon arrangerer Friluftslivets år 2005, med ei rekke aktivitetar planlagt i 2005

www.friluftsrad.no
Lokale friluftsråd kan gje nyttige tips om aktivitetar og turar


CEK

Statens naturoppsyn (SNO)
Hovudkontor:
Tungasletta 2
7485 Trondheim

Tlf: 73580500
Faks: 73580501

E-post: postmottak@dirnat.no
Internett: www.naturoppsyn.no

Fotografene:
Carl Erik Kilander (CEK)
Thor Østbye (TØ)
Jon Erling Skåtan (JES)
Anne Rudsengen (AR)
Thorbjørn Berglund (TB)
Knut Nylend (KN)
Jim Torvås Kristensen (JTK)
Georg Bangjord (GB)
Claus Grimstad (CG)
Jan Thomassen (JT)
Berit Broen (BB)
Kari Fagerstrand (KF)
Hanne Etnestad (HE)

Friluftslivets År 2005
friluftsliv for alle – hver dag

Design Gazette AS

STATENS NATUR OPPSYN

Naturen er for alle


JES

Nynorsk

TØ

Fri ferdsle gjev variert friluftsliv



AR

I Noreg har alle rett til å ferdast fritt i skog og mark, på sjø og fjell. Om du berre tek enkle omsyn, er du velkommen til stor fridom, mektige sanseinntrykk eller sveitte opplevingar.

Retten til fri ferdsle i utmark er ein av grunnpilarane i norsk friluftsliv. Denne retten, som også vert kalla allemannsretten, gjev oss rike høve til å ferdast i og å oppleva naturen, uavhengig av kven som eig grunnen.

Spenning eller rekreasjon

Friluftslova slår fast at utmarksområda i Noreg er opne for alle, så lenge ein tek omsyn der ein ferdast. I tillegg er mange verdfulle område spesielt sikra og tilrettelagt for ålmenta. Det gjeld over 1900 friluftsområde som er sikra av staten, og ei rekke område som er sikra av lokale styresmakter. Dei fleste offentlege friluftsområda ligg langs kyst og vassdrag. Skjærgårdstjenesten har tilsyn med mange av dei mest attraktive og tilgjengelege områda frå Oslofjorden til Hordaland.

Enkelt friluftsliv i urørt natur

For deg som er interessert i plante- og dyreliv, kan det vera ekstra spennande å gjesta nokre av verneområda i Noreg. Dei gjev eit tverrsnitt av norsk natur og er leveområde for mange plante- og dyrearter. Spesielt er mange av nasjonalparkane perfekte for det enkle friluftslivet. Der vil du ofte vera utan anna selskap enn dine eigne turkameratar.



TB

Friluftsliv krev omsyn

Naturen er rik, variert – og sårbar. Derfor pålegg Friluftslova alle som ferdast i naturen å opptre varsamt, slik at miljøet ikkje blir skada, eller er til skade for eigar, brukar eller andre som ferdast ute.

Statens naturoppsyn hjelper til med å ta vare på norsk natur. Naturoppsyn over heile landet kan gje råd og informasjon til alle som vil oppleva naturskattane. Kanskje kan me også hjelpa deg med å finna nokre nye?

Turtips



Carl Erik Kilander, naturoppsyn

«Gå alltid frå ein leirplass i minst like god stand som då du kom. Då får du det enno betre på neste tur!»





Øvre Pasvik

Forklaring til kartet

- SNO-kontor
- Fjelltjenestekontor
- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde
- Naturreservat



Øvre Dividal



Froan



Jostedalsbreen



Saltfjellet – Svartisen



Børgefjell



Jotunheimen



Hardangervidda



Listastrendene

Statskog/Fjelltjenesten
Fjelltjenesten i Nord-Noreg er Statskog sitt feltapparat. Dei forvaltar og driv oppsyn i utmarka som staten eig i Nordland, Troms og Finnmark. Gjennom ein samarbeidsavtale opptrer Fjelltjenesten på vegner av SNO i desse områda samt ei rekke verneområde på privat grunn.

Fjellstyra og bygdeallmenningane
SNO kjøper oppsynstenester av fjellstyra og bygdeallmenningane i Sør-Noreg.





Skjærgårdstjenesten
Skjærgårdstjenesten utfører renovasjon og skjøtsel i skjærgårdsparkane og andre friluftsområde langs det meste av kysten frå svenskegrensa til og med Bergen (vist med blå farge på kartet). Skjærgårdstjenesten utfører også naturoppsynsoppgåver for SNO, mellom anna i sjøfuglreservata.

Verneområde til oppleving

Landskapet, luktene, lydane, plantene og dyrelivet i verneområda er ei god gåve til dei som kjem etter oss. Det er me som lever no, som må sikra denne naturarven.


CEK

Nærare 2100 område på fastlandet i Noreg er verna etter Naturvernlova. Dei utgjer til saman over 12 prosent av heile landarealet og skal dekka variasjonen og mangfaldet i norsk natur.

Kvifor er områda verna?
Urørt natur har ein eigenverdi i seg sjølv. Dessutan er verneområda viktige for forsking og undervisning. Dei gjev oss eit samanlikningsgrunnlag når me skal måla verknadene av menneskeskapte endringar i andre deler av norsk natur.

Områda blir som levande laboratorium for miljøforsking og lagring av verdfullt arvemateriale. Mange av dagens medisinar er basert på stoff som finst i ville planter. Utan sikringa som verneområda gjev, kan viktige artar gå tapt. I mange av nasjonalparkane og landskapsvernområda er omsynet til friluftsliv ein del av verneføremålet.

Nasjonalparkar
Nasjonalparkane er for det meste høgfjellsområde og fjellskog, og utgjer meir enn halvparten av alt verna areal i Noreg. Nasjonalparkar er større urørte, eigenarta eller vakre areal, i hovudsak på statsgrunn. Mange av områda er viktige leveområde for sjeldne dyreartar. I nasjonalparkar er landskapet med planter, dyreliv og kulturminne verna mot utbygging, anlegg, forureining og andre inngrep.


CEK

Landskapsvernområde
Landskapsvernområder blir oppretta for å ta vare på særprega eller vakkert natur- eller kulturlandskap. I landskapsvernområda må det ikkje setjast i verk tiltak som kan endra landskapsart eller -karakter i vesentleg grad.

Naturreservat
Målet med naturreservata er å verna urørte og spesielle naturtypar av særleg verdi for forsking og undervisning, eller som skil seg ut ved sin eigenart. Fleirtalet av naturreservata ligg i låglandet, med høgast tettleik i kystbeltet, der plante- og dyrelivet er spesielt rikt.


Turtips



Anne Rudsengen, naturoppsyn

«Sjå etter kjeldemose! Den veks ved oppkommer og langs bekkar. Der det er ei kjelde finn du friskt og kaldt drikkevatn.»


TØ


CEK

Statens naturoppsyn (SNO)

Statens naturoppsyn driv tilsyn og er staten si feltteneste i norsk natur. Ei av dei viktigaste oppgåvene våre er å gje råd og informasjon til deg som vil oppleva naturen.


CEK

SNO er oppretta på grunnlag av Lov om statlig naturoppsyn frå 1996. Føremålet er å ta vare på nasjonale miljøverdiar og førebyggja miljøkriminalitet. Det skjer gjennom å gje råd, informasjon og kontroll ute i naturen. Tilsyn og skjøtsel i verneområda, og oppsyn med laks og villrein er blant oppgåvene til SNO. I tillegg har SNO overvakings- og dokumentasjonsoppgåver knytt til rovvilt.

Oppsyn over heile landet
Som tilsyn er SNO ansvarleg for naturoppsynet i Noreg. 40 heiltidstilsette naturoppsyn samarbeider med politiet for å hindra at det skjer brot på natur- og miljølovgivinga. I tillegg samarbeider SNO med ei rekkje andre etatar og organisasjonar som driv oppsyn. Størstedelen av arbeidet føregår ute i nasjonalparkane, i store og små verneområde, og langs kysten i skjærgårdsparkane.


CEK

Desse driv naturoppsyn i Noreg
- SNO
- Statskog/Fjelltjenesten
- Fjelloppsynet
- Bygdeallmenningane
- Skjærgårdstjenesten
- Friluftsråda
- Politiet
- Kystvakta
- Private oppsynsordningar

SNO har oppsynsmynde for desse lovene:
- Naturvernlova
- Laks- og innlandsfisklova
- Viltlova
- Motorferdsellova
- Friluftslova
- Kulturminnelova
- Forureiningslova

Turtips



John Erling Skåtan, naturoppsyn

«Ta med kikkerten på tur! Du ser meir og slepp å gå så nær at du forstyrrar fugle- og dyrelivet. Det aukar naturopplevinga.»


JT